

Næringsstrategi

Stad kommune

STAD²⁰
Eid og Selje i ny kommune
20



Innhold

	<i>Side</i>
1 Bakgrunn og formål	3
2 Arbeidsmetode og gjennomføring	6
3 Næringsstruktur og utvikling	9
4 Tilbakemelding fra næringslivet	19
5 Næringsstrategi Stad kommune	28
6 Organisering, roller og ansvar	38
7 Vedlegg	40



1. Bakgrunn og formål

Bakgrunn og formål

Den strategiske næringsplanen viser Stad kommune si rolle i utviklinga av eit sterkt, grønt og nyskapande næringsliv i kommunen.

God samhandling med lokalt næringsliv og andre viktige lokale, regionale, nasjonale og internasjonale aktørar er avgjerande for å få dette til.

Næringslivet ønskjer at kommunen skal ha ei brei tilnærming til næringsutvikling, med fokus på tilbod og tenester som aukar bu-, besøks- og næringsattraktiviteten*.

* Bu- og besøksattraktiviteten er spesielt handsama i eigne strategiar – høvesvis ”strategi for stadsutvikling” og ”reiselivsstrategi”

Strategien er utforma på bestilling frå fellesnemnda i nye Stad kommune, og skal nyttast som eit styringsverktøy i arbeid med samfunnsplanlegging.

Strategien skal setje retning for samarbeid med næringslivet.

Strategien skal inspirere til etablering av nye verksemder og til vidareutvikling av det eksisterande næringslivet, med mål om auka sysselsetting.

Stad kommune sine strategiar






2. Arbeidsmetode og gjennomføring


Brei involvering av næringslivet i arbeid med strategiutforming

I prosess med strategisk analyse og strategiutforming har ein lagt vekt på brei involvering og forankring hos ulike interessergrupper for strategien. Næringslivet, relevante organisasjoner, politisk leiing og administrativt tilsette i kommunane har vore involvert gjennom intervju, møter og høyringsrunde.



Grundig næringsanalyse ligg til grunn for strategien


- Næringsanalyse utarbeidd i 2018, basert på analyse av statistikk og intervju med leiarar i næringsliv og andre relevante organisasjonar
- Viser tilbakemeldingar per næring/sektor, med utgangspunkt i:
 - Status for verksemda og næringa
 - Utfordringar og vekstpotensial
 - Regional styrke i næringa
 - Korleis Stad kommune og Stad Vekst kan bidra til å styrke bransjen/næringslivet
 - Viktige prioriteringar i ny kommune
- Analysen utført av Stad Vekst, ved Olav Hjelle






3. Næringsstruktur og utvikling

Utvikling i tal arbeidsplassar 2012-2017: Auke i Eid, nedgang i Selje



Størst auke innan teknisk og forretningsmessig tenesteyting - nedgang i jordbruket

Endring i sysselsetting 2008-2016





“Verksemndene reknar med å skape netto auke på 146 arbeidsplassar dei neste tre åra – ein vekst på 5,2%”

Næringsanalyse i Selje og Eid, 2018

Verksemdene ser lyst på framtida



“Verksemdene reknar med å auke omsetnaden med 700 mill. dei neste tre åra - 49% ventar betre resultat i same perioden”

Næringsanalyse i Selje og Eid, 2018

Viktige næringar i Stad kommune: Reiseliv og kultur



Viktige næringer i Stad kommune: Handel og tenesteytande næringer



Viktige næringar i Stad kommune: Industri, bygg og anlegg




Viktige næringer i Stad kommune: Fiskeri, oppdrett og landbruk

Fiskeri og oppdrett utgjer få verksemder, men store arbeidsplassar. To av verksemdene representerer 10% av arbeidsplassane i Stad kommune åleine.



Næringa er sterkt internasjonalt, men ser potensial i knoppskyting og samhandling med andre næringer regionalt.

5% av arbeidsplassane er innan landbruket, men truleg færre på sikt. Møter utfordringar i nasjonal overproduksjon og import.



Næringa ser stort potensial i nye produksjonar – som frukt og bær – og i samarbeid med reiselivet.

Foto: Sogn og Fjordane Bondelag

Viktige næringer i Stad kommune: Transport



Utgjer 6% av arbeidsplassane, og
prega av tøff konkurransen.

Har behov for både større
næringsareal og
parkeringsplassar for store
bilar som gjer korte stopp.



4. Tilbakemelding frå næringslivet

Intern og ekstern analyse (tilbakemeldingar frå verksemder i næringsanalyse 2018)



Sterke sider

- Sterkt næringsliv, prega av optimisme og framtidstru
 - Verdsleiane fiskerimiljø, med global kompetanse og nettverk
 - Blant dei beste i Noreg på kultur
 - Stort innslag av framtidsretta teknologinæringer
 - Landbruksnæring som er godt strukturert, mange unge og dyktige bønder
 - Tradisjonsrike bedrifter med ei lang historie og god breidde
- Mange bedrifter i same bransje
- Natur og fritid
 - Unik natur - fjell og hav blant dei beste - frå bre til hav på under ein time
 - Gode og unike fritidstilbod
 - Sterkt kulturtild
- Oppgående og offensiv kommune, som ligg sentralt i regionen
- Dei unge er på full fart inn i næringslivet, også i leiinga av fleire verksemder
- VGS eit nav i rekrytteringa
- Små samfunn - ein kjänner kvarandre og har ein god dialog



Svake sider

- Ungdom som flyttar ut og finn seg arbeid andre stadar
- Manglande høgskuletilbod
- Kommuneøkonominen hindrar handlefridomen til den nye kommunen
 - Heng etter på viktige område som barnehage, symjehall, idrettshall, bustadfelt m.m.
- Infrastruktur, avstandar og transport- og reisekostnader
 - Svakt vegnett, breiband og mobilnett – spesielt i utkantane av kommunen
 - Svak regularitet på flytilbodet i vinterhalvåret
 - Høge transport- og reisekostnader siden kommunen ligg i ein utkant
- Mangel på risikokapital, og lita vilje til å bruke kapital lokalt
- Reiselivet i Selje ligg litt "nede" - manglar "motorar" og profesjonalisering
- Manglande tillit og samhandling, som også er ei omdømeutfordring
 - Lite samhandling mellom aktørane i Eid
 - Frustrasjon og manglande tillit mellom Selje kommune og deler av næringslivet og innbyggjarane
 - Politisk ueinigheit i regionen og fylket
 - Nord-sør konflikt i Selje



Mogelegheiter

- Auka samhandling, internt i regionen og med miljø nasjonal og internasjonal, og skape klynger:
 - Sterkt teknologi- og fornybarmiljø, internasjonalt fiskerimiljø, ulike næringar som arbeider med havrommet, kultur og reiseliv, m.m.
 - Handle meir med kvarandre
- Skape kultur for å dele kompetanse og erfaringar, å spele kvarandre gode - tillegg skape møteplassar for dette
- Legge til rette for nytableringar
 - Éi dør inn for dei som vil etablere seg
 - Tilgang til innovative miljø, mentorar og andre som kan hjelpe
 - Tilby gjennomgangsbustadar for dei som vil prøve seg
 - Kontakt med den internasjonale kompetansen som kjem gjennom surfemiljøet på Stad - finne passande bustad og arbeid til desse
- Bygge identitet og stoltheit rundt det kommunen kan by på, og finne unike salspunkt - av natur, fritid, kultur og næringar
- Sterkare satsing og utvikle motorar i reiselivet
- Utnytte potensialet som Eid har til å bli eit sterkt senter i regionen
- Nye kart for havbotnen i Selje, godt grunnlag for auka marin aktivitet
- Utnytte synergiene rundt Stad Skipstunell, nye sjø-retta industriareal
- Løfte yrkesfaget, starte i ungdomskulen, fange opp dei som dett ut av vidaregåande skule
- Arbeide for nye statlege arbeidsplassar som følgje av kommunereform
- Desentralisert høgskuleutdanning gjennom virtuelle undervisningsløysingar og samarbeid med forskings- og utdanningsmiljø



Truslar

- Auka sentralisering
 - Greier ikkje å skape forståing for kvalitetane og verdiskapinga som skjer i distrikta
 - Andre regionar blir prioritert framfor Nordfjord
- Greier ikkje å rekryttere den kompetansen som næringslivet treng – svekkar konkurranseevna, og veksten kjem andre stadar
- Lærlingane forsvinn etter læretid
- Teknologi, omstilling og konkurranse
 - Arbeidsplassar blir erstatta av teknologi
 - Auka netthandel
 - Evna til å fornye og utvikle seg, og møte hardare internasjonal konkurranse
- Endra rammevilkår, sviktande konjunkturar
- Evna til å løfte i lag
 - Bygdedyret lever enno? Få vekk det egosentriske – vi og dei. Greier ikkje å bygge den stoltheita som kan løfte oss framover i ny kommune
 - Framhaldande politisk kamp i regionen der politikarane «spenner krok på kvarandre». Det er også eit omdømmeproblem

Suksessfaktorar:

Handtere det teknologiske skiftet



“Vi står overfor eit vendepunkt. Mange av jobbane vi skal leve av i framtida er enno ikkje skapte. Vi må henge med i utviklinga!”

“Vil ny teknologi skape like mange jobbar som forsvinn – og kvar kjem dei nye jobbane?”

Suksessfaktorar:

Skape klynger og utveksle kompetanse



“Mangel på kompetanse er ei utfordring!”

“Vi må jobbe meir i nettverk - nasjonalt og internasjonalt”

“Vi må knyte oss til klynger, og kople oss opp mot FOU- og utdanningsmiljø”

Næringsanalyse i Selje og Eid, 2018

Suksessfaktorar:

Skape møteplassar

“Viktig å bli kjende, og lære av kvarandre”

“Vi må heie fram dei unge - la dei sleppe til!”

“Nøkkelpersonar frå kommunen må delta”

Suksessfaktorar:

Betre tenester til næringslivet

“Må ha ein næringssjef som tenkjer heilskapleg, er kreativ og handlekraftig, og som torer å utfordre”

“Må ha kontorplass å tilby dei som vil starte opp”

“Må finne god organisering av næringsfondet i lag med Stad Vekst”

Suksessfaktorar:

Tilgang til risikokapital


“Generelt lite kunnskap om tilskots-
og finansieringsordningar”

“Må skape betre kultur for bruk av lokal,
risikovillig og kompetent kapital”

“Må profesjonalisere innhenting av
kapital til nye prosjekt”

Suksessfaktorar:

Omdøme- og merkevarebygging – også regionalt



“Vi må evne å sjå på oss sjølve utanfrå”

“Vi må framsnakke den nye kommunen,
skape kultur for å heie på kvarandre, og å
unne naboen suksess”

“Vi må vise det komplette tilbodet -
frå bre til hav”

Suksessfaktorar:

Må henge saman med strategiar for reiseliv og stadsutvikling



“Vi har natur i verdsklasse - enormt potensial som må utviklast”

“Kombinasjonen av kultur, lokal mat og aktivitetar er viktig”

“Eidsgata er ein juvel på Eid, men fleire hus er i forfall og står tomme”

Næringsanalyse i Selje og Eid, 2018



5. Næringsstrategi Stad kommune

1

Vere ein aktiv tilretteleggar for næringsutvikling

2

Arbeide for ein sterk og samla region

3

Skape vekst gjennom samarbeid

4

Vere ein pådrivar for berekraftig næringsutvikling

“ ”

Vi skal vere ein aktiv tilretteleggar for nærings- utvikling

Delstrategiar:

- Ha eit breitt perspektiv på næringsutvikling – som også omfattar bulyst og som ser til kommunen sin strategi for stadsutvikling
- Sørge for dedikerte ressursar med tilstrekkelig kapasitet, kompetanse og nettverk til å utøve rolla som næringsutviklar
- Sikre ein god servicekultur og ei effektiv teneste i møte med næringslivet
- Sikre attraktive og tilgjengelege areal og bygg for næringsutvikling
- Sikre ein god kommunikasjonsinfrastruktur (breiband/fiber)
- Arbeide for etablering av offentlege arbeidsplassar

Vere ein aktiv tilretteleggar for næringsaktivitet

Kva skal vere effekten av strategien på kort sikt?

1. Bevisstgjering om viktigeita av kommunale tenester og tilbod for kommunen sin attraktivitet som stad å bu, besøke og drive næring
2. Prioritering av tiltak og tenester som aukar denne attraktiviteten

Kva skal vere effekten av strategien på lang sikt?

1. Auke i tilflytting, folketal og tilgang på kompetanse
2. Etablering av nye verksemder og ein auke i arbeidsplassar

Kva inneber strategien for kommunen?

- Etablere næringsteam i kommunen
- Opplæring av kommunalt tilsette som jobbar med næringssaker
- Tilgjengeleggjere attraktive areal og bygg for næringsutvikling
- Legge til rette for utbygging av kommunikasjonsinfrastruktur (breiband/fiber)
- Skape møteplassar der kommune, politikarar og næringsliv møtast
- Sørge for at næringsstrategien er reflektert i kommunen sin eigarstrategi
- Aktiv dialog mot statlege- og fylkeskommunale styresmakter mtp offentlege arbeidsplassar
- Tiltak som aukar næringsattraktivitet gjennom bulyst:
 - M.a. styrking av helse-, omsorgs- og oppveksttilbod, fleire attraktive tomter og bustadsutvikling (inkl. gjennomgangsbustader), og tilrettelegging for rikt og attraktivt kultur- og fritidstilbod

Kva betyr strategien for verksemdene?

- Ein kommune som er ein aktiv samarbeidspart og tilretteleggar
- Tilgang på attraktive areal og bygg for næringsutvikling
- Kommunikasjonsinfrastruktur som legg til rette for næringsutvikling og “fjernarbeid”
- Kommunalt tilbod som gjer det lettare å trekke til seg nødvendig kompetanse

“

Vi skal
arbeide for
ein sterk og
samla region

Delstrategiar:

- Vere pådrivar i utviklinga av Nordfjord som felles regionsenter og som eit område med fleirkjernestruktur
- Arbeide for utvikling av veg- og bruprosjekt som styrkar regionen som felles bu- og arbeidsområde
- Vere ein aktiv støttespelar og pådrivar for eit godt kollektiv- og rutetilbod (luft, sjø, land)
- Bidra til god profilering av Nordfjord som bu- og arbeidsregion

Arbeide for ein sterk og samla region

Kva skal vere effekten av strategien på kort sikt?

1. Pådrivar for tiltak som styrkar Nordfjord som region
2. Pådrivar for betre infrastruktur og rutetilbod

Kva skal vere effekten av strategien på lang sikt?

1. Eit større og meir attraktivt bu- og arbeidsområde i Nordfjord og tilgrensande regionar
2. Betre kommunikasjonar nord/sør på Vestlandet og til andre delar av landet
3. Sterkare felles identitet og samspel mellom kommunane i Nordfjord

Kva inneber strategien for kommunen?

- Støtte opp om Nordfjordrådet sitt arbeid med utvikling av Nordfjord som område med fleirkjernestruktur
- Støtte opp om Fylkeskommunen sitt arbeid med utvikling av Nordfjord som felles regionsenter
- Pådrivar for opprusting av infrastruktur:
 - Flaskehalsane på dagens E39-trasé Byrkjelo-Nordfjordeid, RV 15 Strynefjellet (arm til Geiranger)
 - Utbetring av vegar internt i Selje og mot kommunane sør/nord
- Pådrivar og støttespelar for nye infrastrukturprosjekt:
 - Bru Anda-Lote
 - Stad skipstunnel og etablering av hurtigbåtrute Bergen-Ålesund, med hurtigbåtstopp i Selje
 - Kystvegen Bergen-Ålesund
- Støtte opp om styrka rutetilbod på Sandane Lufthavn
- Støtte opp om arbeidet med å profilere Nordfjord som bu- og arbeidsregion

Kva betyr strategien for verksemndene?

- Større rekrutteringsområde og lettare tilgang på tilsette og kompetanse
- Lettare tilgang på kundar til reiselivs-, handels- og servicenæringane
- Auka samarbeid med næringsliv i andre delar av regionen

“ ”

Vi skal skape vekst gjennom samarbeid

Delstrategiar:

- Avklare roller og ansvar hos ulike aktører i næringsapparatet
- Vere støttespelar og om mogleg katalysator for etablering av næringsklynger og nettverksnoder
- Støtte opp under etablering av meir formaliserte utdannings- og forskingsmiljø i samarbeid med næringslivet
- Skape felles kompetanse- og rekrutteringsarenaer mellom kommune og næringsliv

Skape vekst gjennom samarbeid

Kva skal vere effekten av strategien på kort sikt?

1. Ein kommuneadministrasjon som er rigga for å utvikle tenester saman med næringslivet
2. Etablere nettverk og møtepunkt som legg til rette for klyngeutvikling

Kva skal vere effekten av strategien på lang sikt?

1. Etablert sterke klynger
2. Større konkurransekraft i nasjonale og internasjonale marknader gjennom samarbeid

Kva inneber strategien for kommunen?

- Tett dialog og tydeleg rolleavklaring med Stad Vekst, Nordfjord Næringshage, Nordfjordrådet og eventuelt andre samarbeidspartar. Tydelege samarbeidsavtaler.
- Stimulere til etablering og utvikling av sterke klynger innan m.a. teknologi, havrommet og fiskeri, kultur og reiseliv
- Støtte opp om campus-etablering, og meir samarbeid mellom skule (VGS, høgskule og fagskule), næringsliv og andre aktørar
- Ta initiativ til etablering av samarbeidsarenaer mellom kommunen og næringslivet

Kva betyr strategien for verksemndene?

- Samhandling som legg til rette for auka innovasjon, internasjonalisering, produktivitet, vekst og lønnsemd
- Auka attraktivitet blant tilsette og tilgang på nødvendig fagkompetanse

“

Vi skal vere ein
pådrivar for
berekraftig
næringsutvikling

Delstrategiar:

- Som kommune ha ein tydeleg klimaprofil
- Vere ein pådrivar for grøn næringsutvikling, og støtte opp om berekraftige initiativ i næringslivet

Pådrivar for berekraftig næringsutvikling

Kva skal vere effekten av strategien på kort sikt?

1. Auka bevisstgjering om viktigheita av eit berekraftig næringsliv

Kva skal vere effekten av strategien på lang sikt?

1. Tydeleg klimaprofil
2. Eit næringsliv som balanserer god vekst med berekraftige løysingar
3. Næringsutvikling som ikkje reduserer buattraktiviteten

Kva inneber strategien for kommunen?

- Støtte opp under Nordfjordrådet si satsing på grøn næringsutvikling i Nordfjord
- Delta i nettverk og pilotsatsingar, og aktivt søkje midlar til fornying og utvikling av tenesteleveransen
- Pådrivar for miljøvennlege og berekraftige val i næringsutvikling, m.a.:
 - Reiselivsutvikling som aukar, og ikkje svekkar, bustadattraktiviteten
 - Marine næringar som haustar ressursar samstundes som dei ivaretak det biologiske mangfoldet
- Premissgiver for berekraftige løysingar der kommunen kan stille krav, m.a.:
 - Miljøkrav gjennom offentlege anskaffingar
 - Sentrumsplanlegging- og utforming (smarte landsbyar)

Kva betyr strategien for verksemndene?

- Kompetanse, nettverk og støtte i arbeidet med grøn næringsutvikling
- Smitteeffekt frå kommunen sin tydelege klimaprofil
- Tydelege krav til berekraft



6. Organisering, roller, ansvar


Tett samspel og avklarte roller

Stad kommune

- Gi gode rammevilkår for næringsutvikling
- Gjennom kommunale tenester og tilbod legge til rette for auka bu-, besøks- og næringsattraktivitet
- Viktig bindeledd til dei andre kommunane i Nordfjord gjennom Nordfjordrådet

Stad Vekst

- Fremje utvikling og koordinere næringslivet sine interesser
- Viktig bindeledd mellom kommunen og næringslivet
- Viktig bindeledd til næringsliv i andre kommunar i regionen
- Jobbe for rekruttering og utdanningstilbod tilpassa næringslivets behov



Verksemndene

- Spele inn ønskjer og behov direkte til kommunen og gjennom Stad Vekst
- Synleggjere moglegheiter og kompetansebehov
- Søke samarbeid med andre næringsaktørar i kommunen og regionen
- Bidra til profilering av regionen som attraktivt bu- og arbeidsområde



7. Vedlegg

Stad kommune sine strategiar

